



Vurdering for utvikling

Rapport Olderdalen og Hjetland barnehagar



Veke 22, 30.5-2.6.2022

***Tema: Samarbeid både innad og på tvers av
barnehagane***

Stad og dato: Høyanger 2.6.2022

Torunn Åsnes
Vurderar

Sidsel Anita Ekblad Itland
Vurderar

Innhald (er automatisk)

1. Føreord.....	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om skulen/barnehagen og val av vurderingstema	4
3.1 Fakta om Olderdalen og Hjetland barnehagar.....	4
3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema.....	5
3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete	5
4. Frå vurdering til endring av praksis.....	5
5. Framtidsbilete Olderdalen og Hjetland barnehager	6
6. Vurderingar	8
Kvalitetsmål: Borna	8
Kvalitetsmål: Personalet/tilsette:.....	10
Kvalitetsmål: Foreldra.....	12
Kvalitetsmål: Organisasjonen.....	15
Kvalitetsmål: Eigar.....	19
7. Spørsmål til refleksjon	20
8. Vidare arbeid	21
Vedlegg:	22
Deltakarar i vurderinga	22
Tidsbruk	22
Metodar	23
Samtaleguidar og skjema	23

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene» (Opplæringslova 2015 § 2.1).

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen» (Rammeplan 2017, s. 38).

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Januar 2022

Ida Fugle

Utviklingsrettleiar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 95767177

E-post: Ida.Cecilie.Fugle@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Vi har møtt to barnehagar der barna og dei tilsette trivast og har det godt saman. Begge barnehagane har god plass inne og fine og varierte uteområde, og har god bemanning. Barnehagane står i ein omstillingsprosess der dei skal gå frå å vere to ulike barnehagar, med ulik kultur, ulike arbeidsmåtar og ulik måte å organisere seg på, til å ha eit tettare samarbeid og vere meir einsretta med sikte på framtidig samdrift. Sjølv om barnehagane kan framstå som ulike, vert kvaliteten i det pedagogiske tilbodet opplevd som like god, uavhengig av avdeling og barnehagehus. Foreldra er godt fornøgde med tilbodet barna deira får, uavhengig av kva barnehage dei er tilknytte.

Samarbeidet innad i barnehagane fungerer godt, dei samarbeider på tvers av avdelingar og har mykje felles tid og aktivitetar saman. Barna kjenner barn og vaksne på tvers av avdelingar og får medverke på innhaldet.

Når det kjem til samarbeidet på tvers av barnehagane, er dei enno i ein startfase. Det er ulik grad av samarbeid mellom barnehagane i dei ulike aldersgruppene (stjerne-måne- og sol-grupper + småbarn), men dei tilsette har gjort bevisste val for graden av samarbeid, når det kjem til t.d. barna sine behov på småbarnsavdelingane. Barnehagane samarbeider om personale ved vikarbehov. Stjernegruppene (dei eldste barna i barnehagen) har hatt eit samarbeid over mange år, men dei yngre alderskulla har også felles møtepunkt. Barnehagane har ein felles årsplan og felles tema dei arbeider med.

Barnehagane har ei utfordring i å finne felles forståing for omgrep og kva dei inneheld. Dei har og ei utfordring i å få på plass faste møtepunkt på tvers av barnehagar og yrkesprofesjonar, til fagleg drøfting og planlegging. Prognosane for barnetalsutviklinga i Høyanger tettstad tilseier at samdrift er framtida uavhengig av den einskilde si haldning og innstilling til det. Korleis få alle til å dra i same retning?

3. Fakta om skulen/barnehagen og val av vurderingstema

3.1 Fakta om Olderdalen og Hjetland barnehagar

Olderdalen barnehage er ein kommunal barnehage som ligg øvst på Sæbø i Høyanger sentrum. Barnehagen vart bygd i 1992, og godkjent for 72 plassar. Pr. 01.08.21 er i underkant av 40 plassar tatt i bruk. Visjonen til Olderdalen barnehage er "Ja, vi vil!".

Hjetland barnehage ligg på Hjetland like ved den vidaregåande skulen, og er godkjent for 72 plassar. Den vart bygt i 1982, men vart i 2014 rehabilitert og ombygd. Visjonen til Hjetland barnehage er "Ein god plass å vere med rom for alle".

3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema

Det er vedtatt at dei to barnehagane i tettstaden skal ha samdrift. Det vil seie at dei skal ha ei felles personalgruppe der personale går på tvers av barnehagar ved vikarbehov, leiinga skal ha eit tett samarbeid, og barnehagane har eit felles årshjul å arbeide etter. Barnehagane har felles årsplan med felles satsingsområde og tema.

3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete

Styrarane starta med at vurderinga skulle ta utgangspunkt i samdrift mellom barnehagane. Med eit godt samarbeid som utgangspunkt, vil samdrifta bli mykje lettare å gjennomføre.

Tidleg i prosessen snakka vi om å få ein felles forståing av kva vi legg i omgrepa samhandling, samarbeidskultur og delingskultur.

På felles personalmøte i februar fekk alle i personalet skrive ned det dei såg på som fordeler og utfordringar mtp samarbeid mellom barnehagane.

Størstedelen av utfordringane går på praktisk/fysisk organisering pga avstand ml barnehagane, for lita tid til å planlegge, og at ein tenker det er store forskjeller på barnehagane når det gjeld kultur; verdisyn, regler, praksis, og forståing.

Størstedelen av fordelane går på at barna får fleire på sin alder å leike med, at personalet får eit større fagmiljø, at ein kan bruke kompetansen til personalet på ein betre måte

På ped.leiarmøte kom det innspel om at det var for tidleg i samdriftsprosessen til å bli vurdert på temaet, at vurdering /utviklingsarbeid/ samdrift må forankres betre i heile personalgruppa, og at det er behov for fleire pedagogiske diskusjoner.

Vi bestemte etter dette å vinkle temaet til Samarbeid istadenfor Samdrift.

Samarbeid både innad og på tvers av barnehagane.

Framtidsbilde vart diskutert på ped.leiarmøte, på avdelingsmøte, og tatt opp på personalmøter i begge barnehagane. Styrerane skreiv ned innspel som så vart sendt ut igjen og redigert i fleire omgangar, før vi endte opp med det som vart oversendt vurdererane. På felles personalmøte i april der vurdererane deltok, vart framtidsbildet sydd endeleg saman.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verkty for å hjelpe barnehagen og skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden

som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen/skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen/skulen/oppvekssenteret sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehage- og skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern vurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)



5. Framtidsbilete Olderdalen og Hjetland barnehager

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine eigne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
<p>Borna: Alle handlinger og avgjørelser som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggende hensyn (rp. S. 8)</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Barna møter voksne som kjenner det uansett avdeling 2. Barna trives og har venner på tvers av barnehagar 3. Barna møter felles aktiviteter på tvers av barnehagar 4. Barna opplever at dei kan medverke på avdelingane og på samarbeidet på tvers.
<p>Personalet: En forutsetning for en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse er et godt samarbeid med barnehageeieren, barnehagens pedagogiske leiing og barnehagens øvrige personale (rpl s. 16)</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Alle har eit felles ansvar for samarbeidet og inkluderande arbeidsmiljø 2. Tilsette verdset ulike meiningar og behov i personalgruppa og har gjensidig respekt for kvarandre 3. Dei tilsette opplever at jobben er føreseieleg 4. Alle opplever støtte og rettleiing frå både leiing og kollegaer
<p>Føresette: Samarbeid mellom heim og barnehage skal alltid ha barnas beste som utgangspunkt (Rp s. 29)</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Foreldra opplever at dei får same kvalitet på det pedagogiske tilbodet og materiellet uavhengig av avdeling og barnehagehus 2. Foreldra er kjende med korleis barnehagane samarbeider 3. Foreldra opplever at dei får medverke på avdelingane og barnehagane sitt samarbeid 4. Foreldre opplever personale som er tilstade og gleder seg saman med barna
<p>Organisasjonen: Barnehagen er en lærende organisasjon der hele personalet skal reflektere rundt faglige og etiske problemstillinger, oppdatere seg og være tydelige rollemodeller. (rp. s. 15)</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Det er sett av tid og rom for fagleg utvikling med sikte på samarbeid 2. Det er sett av tid og rom for å gje kvarandre tilbakemelding og rettleiing for å utvikle samarbeidet 3. Barnehagane har god kommunikasjon og informasjonsflyt 4. Det er sett av tid og rom til faglege og sosiale møteplassar
<p>Eigar: Barnehageeigar har juridisk ansvar for kvaliteten av barnehagetilbodet. For å gje eit barnehagetilbod av god kvalitet trengst eit kompetent personale (rpl. S. 15)</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1. Eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar slik at barnehagane kan jobbe med å utvikle samarbeidet, bl.a. gjennom å ha nok personale på jobb til å gjennomføre ekstra møter. 2. Eigar ser at begge barnehagane held same faglege kvalitet 3. Eigar gir god og tidleg nok informasjon, t.d. ved nytilsettingar, omplassering, nye barn m.m.

6.Vurderingar

Kvalitetsmål: Borna

Alle handlinger og avgjørelser som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggende hensyn (rp. S. 8)

1. *Barna møter voksne som kjenner det uansett avdeling*

God praksis:

Barna fortel at dei kjenner dei voksne i sin barnehage, og kan namna på dei. Barn og tilsette er innom andre avdelingar i løpet av dagen og dei har felles utetid. Når det kjem til samarbeidsbarnehagen er barna meir usikker på om dei kjenner voksne der, men barna i stjernegruppa kjenner til dei voksne som er tilknytte stjernegruppa i samarbeidsbarnehagen.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med barn og tilsette og i spørjeundersøking for tilsette.


2. *Barna trives og har venner på tvers av barnehagar*

God praksis:

Vi ser barn som leikar og trivast i barnehagen. Barna fortel at dei har venner i barnehagen, også på tvers av avdelingar, og fortel oss kven dei leikar mest saman med og kva dei gjer på i barnehagen.

Kor godt kjenner barnet ditt barn på andre avdelingar?

28 svar



Praksis som kan bli betre:

Barna i stjernegruppa fortel om barn frå samarbeidsbarnehagen, og at dei leikar og har ulike aktivitetar ilag. Nokre barn fortel at dei har vener i den andre barnehagen, men dei fleste barna har vennene sine i den barnehagen dei går i sjølve.

«Når vi skal legge vekt på fellesskap og samdrift, vil vi ha fokus på vennskap. Vennskap på tvers av alder, på tvers av avdelingar og på tvers av barnehagar» (Årsplan, s. 6). Når Høyanger kommune har valt å ha fokus på samdrift og felles personalressurs og kompetanse, er det ein føresetnad at tilsette kjenner barna i begge barnehagane slik at dei kan rullere ved behov. Det vil og vere ein fordel at barn kjenner kvarandre på tvers.

Dette kjem fram i dokument, observasjon, intervju med barn og i spørjeundersøking for tilsette og foreldre.

3. Barna møter felles aktivitetar på tvers av barnehagar

God praksis:

Vi har vore med barn og tilsette på idrettsdag og felles aktivitet for småbarnsavdelingane. Stjernegruppa i begge barnehagane har felles aktivitetar og møtepunkt jamleg, det same gjeld måne- og solgruppene.

Dette kjem fram i observasjon, intervju med barn, spørjeundersøking for tilsette og foreldre og dokument.

4. Barna opplever at dei kan medverke på avdelingane og på samarbeidet på tvers.

God praksis:

Både barn og tilsette fortel om kva barna får medverke i og korleis dei medverkar, både på eigen avdeling og dei andre avdelingane i barnehagen. Dei tilsette tek barna sine innspel, interesser og behov med i planane sine.

Praksis som kan bli betre:

Barna fortel at når dei er ilag i grupper i samarbeidsbarnehagen, kan dei vere med og bestemme kva dei skal leike på uteleikeplassen. Tilsette fortel at barna kan ytre ynskje om å besøke samarbeidsbarnehagen og at dei prøver å få dette til når dei kan. I spørjeundersøkinga for tilsette kjem det fram at barna i liten grad får medverke på samarbeidet mellom barnehagane, og svar frå barna støttar dette.

Dette kjem fram i intervju med barn og tilsette, spørjeundersøking for tilsette og foreldre og dokument.

Kvalitetsmål: Personalet/tilsette:

En forutsetning for en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse er et godt samarbeid med barnehageeieren, barnehagens pedagogiske leing og barnehagens øvrige personale (rpl s. 16)

1. Alle har eit felles ansvar for samarbeidet og inkluderande arbeidsmiljø

God praksis:

Alle tilsette melder om at dei tek ansvar for samarbeid og inkluderande arbeidsmiljø, spesielt innad i same barnehage, og dei opplever at kollegaene deira gjer det same. Vi ser to barnehagar der dei tilsette trivast og har eit godt samarbeid seg i mellom og mellom avdelingane. Stjernegruppene i dei to barnehagane har samarbeidd over fleire år og har faste møtepunkt. Styrarane har faste møtepunkt for samarbeid, sjølv om det kan verte utsetjingar og avlysingar pga uføresette ting som dukkar opp.

Praksis som kan bli betre:

Dei to barnehagane i Høyanger tettstad skal samarbeide, men fleire tilsette i begge barnehagane peikar på at det er ulik kultur, ulik organisering og ulike arbeidsmåtar i dei to barnehagane, og at det er faktorar som spelar inn på kvifor samarbeid i nokon samanhengar kan vere vanskeleg. Tid vert også peika på som ein faktor. Tilsette

peikar på mangel på faste møtepunkt som ei mogleg årsak for kvifor samarbeidet ikkje alltid fungerer.

Dette kjem fram i intervju med tilsette og styrarar og i spørjeundersøking for tilsette.

2. Tilsette verdset ulike meiningar og behov i personalgruppa og har gjensidig respekt for kvarandre

God praksis:

Alle tilsette skildrar eit godt arbeidsmiljø, der dei kjenner seg sett og høyrte. Dei tilsette seier at sjølv om dei er ulike, vert ulikskapen respektert.


Dette kjem fram i observasjon, intervju med tilsette og spørjeundersøking for tilsette.

3. Dei tilsette opplever at jobben er føreseieleg

God praksis:

I kva grad vil du seie at jobben din er føreseieleg (at du veit kva du skal gjere og kva som vert forventa av deg i jobben)?

25 svar



Dei tilsette er trygge på kva dei skal gjere. Prosedyrar er lett tilgjengelege på oppslag. Dei er klar over kva jobben deira går ut på i stor grad.

Praksis som kan bli betre:

Nokre tilsette er urolege kvart år fordi dei ikkje veit kor dei skal jobbe neste barnehageår og kven dei skal jobbe ilag med. Dette er det ikkje alltid råd å planlegge på førehand fordi endringar kan skje undervegs. Det kan med fordel gjerast

tydelegare kvifor det ikkje går å trygge tidlegare, og leggast til rette for at dei som treng det får den tilgjengelege informasjon så tidleg som råd er.

Dette kjem fram i observasjonar, intervju og spørjeundersøking til tilsette.

4. Alle opplever støtte og rettleiing frå både leiing og kollegaer

God praksis:

Tilsette fortel at dei får støtte og at dei kan be om hjelp og råd om dei spør. Dei fortel at dei kan spørje både kollegaer på eiga avdeling og på andre avdelingar og at det er låg terskel for å be om hjelp. «Eg kan berre spørre alle på huset». (sitat tilsettintervju). Styrarar fortel at dei har god støtte i nettverket og øverste leiar.

Praksis som kan bli betre:

Rettleiing er ikkje sett i system, og det er ikkje alle som opplever at dei får det. Det kan vere vanskeleg å ta det der og då fordi barna er tilstade. «Vi har eit behov – og dei gongene vi har noke, vert det så voldsomt» (sitat tilsettintervju). Pedagogane har høve til kollegarettleiing i deira møte, men det er lite prioritert. Fagarbeidarar og assistentar har ikkje eit fora for rettleiing sjølv om avdelingsmøta nyttast i noko grad til å ta opp utfordringar i jobben. Fleire melder om at dei har eit forbettringspotensiale i å gje kvarandre tilbakemeldingar og rettleiing, men at det kan vere vanskeleg å ta opp fordi det kan bli oppfatta som at ein har gjort noko gale. Barnehagane kan med fordel sette rettleiing inn i eit system som omfattar alle profesjonane.

Dette kjem fram i dokument, intervju og spørjeskjema til tilsette.

Kvalitetsmål: Foreldra

Samarbeid mellom heim og barnehage skal alltid ha barnas beste som utgangspunkt (Rp s. 29)

1. Foreldra opplever at dei får same kvalitet på det pedagogiske tilbodet og materiellet uavhengig av avdeling og barnehagehus

God praksis:

Foreldre opplever jamt over at kvaliteten i barnehagane er like god sjølv om det er ulikskap både med omsyn til bygg, uteområdet og korleis dei gjer ting. Dette vert og støtta av tilsette og barnehageeigar. Barnehagane har felles årsplan og ein del planar for det pedagogiske arbeidet er likt i dei to kalendarane i barnehagane.

2. Foreldra er kjende med korleis barnehagane samarbeider

God praksis:

Foreldra er jamt over kjend med at dei nyttar felles vikar og at nokre tilsette er vikarar for kvarandre. Dei er kjend gjennom veke/månadsplanar med aktivitetar på tvers av barnehagane og nemner både turar, symjehall, idrettshall og besøk hos kvarandre.

Praksis som kan bli betre:

Nokre foreldre er ikkje godt nok kjend med dette, og barnehagane kan med fordel gjere denne informasjonen endå meir tydeleg.

Dette kjem fram i plandokument, spørjeundersøkingar og intervju

3. Foreldra opplever at dei får medverke på avdelingane og barnehagane sitt samarbeid

God praksis:


Barnehagane innviterar foreldre til å komme med innspel til barnehagen sitt arbeid på foreldremøte og foreldresamtalar. Barnehagane har og hatt foreldremøte der foreldra har hatt høve til å kome med innspel til korleis ein skal organisere samdrift og det har t.d. kome innspel på at det er ein fordel med samarbeid på tvers for fleire kull enn dei eldste, at små kull ikkje bør splittast. Dei er og opptekne av stabilitet i personalet for barna, og at det ikkje skal vere usikkert frå år til år korleis det vert. Tilsette fortel at foreldre er invitert til å komme med innspel og ynskjer, men at dei i liten grad gjer det.

Praksis som kan bli betre:

Sjølv om foreldra blir invitert til å kome med innspel, opplever dei likevel ikkje at dei er medverkande i samarbeid i særleg stor grad, verken mellom avdelingane i eigen barnehage eller mellom barnehagane. Her kan barnehagane med fordel kommunisere medverknaden tydelegare ut mot foreldra.


I kva grad opplever du som forelder at du får medverke til samarbeid mellom avdelingane i den barnehagen barnet ditt går i?

28 svar



I kva grad opplever du som forelder at du får medverke til samarbeid med den andre barnehagen?

28 svar



Dette kjem fram gjennom intervju, møtereferrat og spørjeundersøking til foreldre.

4. Foreldre opplever personale som er tilstade og gleder seg saman med barna

God praksis:

Foreldre opplever jamt over at alle tilsette er tilstade og gleder seg saman med barna. Tilsette fortel at dei har felles utetid på begge husa og samarbeidar avdelingane imellom på yttervaktene. Dette gjer at barna kjenner dei fleste tilsette godt i eigen barnehage. Vi har og sett at dei tilsette trøyster og hjelper og er til stades på tvers av avdelingar. Både barn og tilsette fortel at dei ikkje er like godt kjende på

tvers av barnehagane, men det er naturleg ettersom pandemi har gjort samarbeid og felles møtepunkt vanskeleg.

Dette kjem fram gjennom spørjeundersøkingar, intervju og observasjon.

Kvalitetsmål: Organisasjonen

Barnehagen er en lærende organisasjon der hele personalet skal reflektere rundt faglige og etiske problemstillinger, oppdatere seg og være tydelige rollemodeller. (rp. s. 15)

1. Det er sett av tid og rom for fagleg utvikling med sikte på samarbeid

God praksis:


Barnehagen har fagdagar og personalmøte der fag også er tema. Møte på tvers av grupper som skal samarbeide på tvers har fungert for Stjernegruppa.

Småbarnsavdelingane har av naturlege årsaker, ikkje hatt like mykje samarbeid som dei eldre barna.

Praksis som kan bli betre:

Er det sett av tid og rom for fagleg utvikling med sikte på samarbeid?

25 svar



Alle tilsette melder om at det vert for lite tid til å drøfte og planlegge på tvers. Pedagogiske leiarar har møte på kvart barnehagehus, men får ikkje til å organisere dette på tvers av barnehagane. Avdelingsmøte innad i barnehagane har vore nytta mykje til eigen praksis og utfordringar og lite til fagleg drøfting av korleis ein utviklar samarbeidet. Barnehagane har ei utfordring i korleis dei kan organisere kvardagen og den felles personalressursen slik at drøftings- og planleggingsmøte kan gjennomførast jamleg og med nok tid slik at dei som har ansvar for samarbeid mellom kulla i dei to barnehagane kan planlegge aktivitetar som vil fremje vennskap og leik mellom barna i begge barnehagane. Oversikt over tal barn og tilsette etter bemanningsnorma syner at det er rom for møtetid for grupper av tilsette i arbeidstida.

Dette kjem fram i intervju, spørjeundersøking og dokument.


2. Det er sett av tid og rom for å gje kvarandre tilbakemelding og rettleiing for å utvikle samarbeidet

God praksis:

Tilsette fortel at det er rom for å gje tilbakemelding og rettleiing. Dei opplever at dei får støtte og hjelp. Pedagogane kan gje kvarandre kollegarettleiing på sine møte. Medarbeidarsamtalar er og eit fora der dei kan få tilbakemelding. Det er høve til å drøfte utfordringar på avdelingsmøta og få råd frå kollegaer på eigen avdeling. Om noken melder om behov for å ha ein samtale, går leiar inn som vikar på avdelinga.

Praksis som kan bli betre:

Er det sett av tid og rom for å gje kvarandre tilbakemelding og rettleiing for å utvikle samarbeidet?
25 svar



Tilsette fortel og at tilbakemelding og rettleiing oftast skjer uformelt og at ikkje alle opplever å få rettleiing. Fleire melder om at dei kunne tenkje seg meir rettleiing både som gruppe og ein til ein. Barnehagane kan med fordel utarbeide ein plan for korleis og kor tid den einskilde kan få og søkje tilbakemelding og rettleiing.

Dette kjem fram i spørjeskjema for tilsette og intervju.

3. Barnehagane har god kommunikasjon og informasjonsflyt


God praksis:

Barnehagane har morramøte stort sett kvar dag og skriv naudsynt informasjon i ei beskjedbok som er felles på huset. Referat frå møte vert sett i perm på personalrom

og informasjon vert og sendt på mail. Alle tilsette melder om at kommunikasjonen innad i barnehagen er god. Informasjonsflyten på leiarnivå er god.

Har barnehagen god kommunikasjon og informasjonsflyt?

25 svar



Praksis som kan bli betre:

Nokre tilsette melder om at kven som får informasjon kan vere tilfeldig. Beskjedar kan bli gitt til ein i den tru at det kjem vidare, mens den som får informasjonen går ut frå at alle har fått same informasjon. Det er ikkje alltid informasjon som opplevast relevant vert skrive i morramøteboka. Barnehagen nyttar fleire kanalar til informasjon og kommunikasjon mellom tilsette på ulike avdelingar og einingar. Visma som er hovudplattformen mot foreldra har førebels ingen kopling til tilsette. Det ligg eit forbetringspotensiale i å finne ein felles kanal som alle dei det gjeld har tilgang til og eit system der akutte beskjedar når ut kjapt til alle som treng å vite det.

Dette kjem fram i spørjeskjema, intervju og plandokument.


4. *Det er sett av tid og rom til faglege og sosiale møteplassar*

God praksis:

Annakvart personalmøte er felles på barnehagehusa. Planleggingsdagar og fagdagar er felles. Pedagogiske leiarar har møte på tvers av avdelingar på eige hus. Det er ulike sosiale arenaer der tilsette frå begge barnehagar kan delta om det har lyst som t.d. turar, kinobesøk, hobbykveldar og julebord. Quiz har vore trekt fram som ein god aktivitet for å dele tilsette i smågrupper på tvers av barnehagane. Det er ikkje alle tilsette som deltek, men det er forståing for at folk er i ulike livssituasjonar og ikkje alle har høve til å delta i sosiale aktivitetar på fritida. Dei ser fram mot jubileumsfesten i juni som er ei 30+40 års feiring av barnehagane.

Er det sett av tid og rom til faglege møteplassar?

25 svar




Praksis som kan bli betre:

Fleire tilsette ynskjer fleire fora der fag kan drøftast og delast. Fleire tilsette melder om at dei skulle ynskje det var meir sosialt på tvers av barnehagane. Dei fortel om planlagde felles arrangement som har vorte avlyst grunna pandemien. Dei fortel og at det er lett for at sjølv om dei er sosiale saman, er dei likevel gruppet kvar for seg. Barnehagane kan med fordel jobbe meir for å få alle tilsette til å kjenne seg som ei personalgruppe sjølv om det at dei no vert dobbelt så mange er ei utfordring i seg sjølv.

Er det sett av tid og rom til sosiale møteplassar?

25 svar



Dette kjem fram i spørjeundersøking, intervju og plandokument.

Kvalitetsmål: Eigar

Barnehageeigar har juridisk ansvar for kvaliteten av barnehagetilbodet. For å gje eit barnehagetilbod av god kvalitet trengst eit kompetent personale (rpl. S. 15)

1. *Eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar slik at barnehagane kan jobbe med å utvikle samarbeidet, bl.a. gjennom å ha nok personale på jobb til å gjennomføre ekstra møter.*

God praksis:

Dei to samarbeidsbarnehagane har i utgangspunktet god bemanning, og har med det eit godt utgangspunkt for å kunne bruke ressursane slik at ein får frigjort personale til å til dømes gjennomføre ekstra møter som arbeidet med å utvikle samarbeidet fører med seg.

Praksis som kan bli betre:

Tilsette og styrarar peikar på at sjølv om det i utgangspunktet er god bemanning i dei to barnehagane, vert det overtallige personalet brukt godt ved fråvær i personalet og til styrking på avdelingane. Møter vert utsette og/eller avlyst, planar vert endra, og styrarane må også gå inn og vikariere på avdelingane.

Dette kjem fram i observasjon og intervju med barnehageeigar, styrarar og tilsette.

2. *Eigar ser at begge barnehagane held same faglege kvalitet*

God praksis:

Barnehageeigar er trygg på at begge barnehagane leverer god fagleg kvalitet, og framheld at barnehagane har metodefridom i arbeidet sitt, og difor kan vere ulike i måten dei held den faglege kvaliteten. Vi har sett og opplevd god kvalitet på det pedagogiske tilbodet uavhengig av avdeling og barnehagehus, og svar frå tilsette og foreldre støttar dette. Hjetland og Olderdalen barnehage har godt omdømme i lokalmiljøet og mellom føresette.

Dette kjem fram i intervju med barnehageeigar og tilsette, i spørjeundersøking for føresette og observasjon.

3. *Eigar gir god og tidleg nok informasjon, t.d. ved nytilsettingar, omplassering, nye barn mm.*

God praksis:

Informasjon vert i hovudsak gitt når den er klar, og i så god tid som mogleg, til dømes når det gjeld hovudopptak. Når det gjeld omplasseringar av tilsette, er det stort sett slik at ein veit om våren korleis personalkabalen vert sjåande ut ved oppstart av nytt barnehageår.

Praksis som kan bli betre:

Nye saker dukkar opp, både når det gjeld personalsituasjonen, løpande opptak gjennom året og andre ting som vedkjem barnehagedrifta. Då kan det vere vanskeleg å få ut informasjon i god tid. Dei tilsette opplever at dei ofte får sein informasjon om saker dei kjenner at dei burde fått vite tidlegare. Kva som er *god* og *tidleg nok* informasjon kan vere definert ulikt frå person til person. Kven som treng kva type informasjon, kortid informasjon skal komme, og korleis informasjon skal gjevast, kan med fordel kommuniserast tydelegare ut til dei tilsette.

Dette kjem fram i intervju med barnehageeigar, styrarar og tilsette.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Idear
Barneperspektivet	Kva for nivå skal samarbeidet ligge på for dei ulike aldersgruppene?
Tilsetteperspektivet og organisasjonsperspektivet	Korleis kan barnehagane skape tid og rom til faglege drøftingar og planlegging på tvers av barnehagane for å få eit godt samarbeid?
Organisasjonsperspektivet	Korleis skape stabilitet for dei tilsette som treng tryggleiken og samtidig skape rom for fleksibilitet på tvers ved behov?
Organisasjonsperspektivet	Korleis rydde i omgrep og skape ei felles forståing av kva dei inneheld, t.d. samarbeid vs samdrift, felles personal vs stabilitet, kompetansefelleskap, pedagogisk grunnsyn, kultur etc.
Organisasjonsperspektivet	Korleis arbeide fram ein felles visjon som seier noko om kva mål de styrar mot? (Kva er ein visjon?)

Organisasjonsperspektivet	Kva er det pedagogiske grunnsynet? Og kva konsekvens har det for samarbeidet?
Foreldreperspektivet	Korleis gjere foreldremedverknad meir uttalt og bevisst?

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentlig, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato: Høyanger, 2.6.2022

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS
Torunn Åsnes

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS
Sidsel Anita Ekblad Itland

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Tilsette, born og føresette. Barnehageeigarrepresentant
Eksterne: Torunn Åsnes og Sidsel Anita E Itland frå vurderarnettverket i HAFS

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og fire dagar i barnehagen. I små barnehagar kan det verte brukt mindre tid, men avhengig av temavalet.. Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen;

Tid	Tiltak	Ansvar
Veke 5	Føremøte med utviklingsrettleiarar	Utviklingsrettleiar
Veke	Arbeid med framtidsbilete	Styrarane i dei to barnehagane
Veke 18	Møte med vurdererarane, endeleg framtidsbiletee	Vurderarane og styrarane i dei to barnehagane
Veke 20	Spørjeskjema til tilsette	Vurderarane lagar, styrarar sender ut
Veke 21	Spørjeskjema til foreldre	Vurderarane lagar, styrarar sender ut
Veke 21	Utarbeid samtaleguidar til eigar, tilsette og born	Vurderarane
Veke 22	Vurderingsveke	Vurderarane

Tidsplan vurderingsveka:

Måndag:	
08.00	Møte med styrarane
09.00	Observasjon
11.30	Intervju styrar
12.00	Intervju tilsette
13.00	Intervju tilsette
14.30	Intervju styrar
Tysdag:	
08.30	Observasjon
09.00	Intervju barn
10.30	Intervju tilsette
11.30	Observasjon
13.00	Intervju tilsette
13.30	Intervju tilsette

Onsdag:	
08.30	Observasjon
09.00	Intervju barn
09.30	Intervju tilsette
10.30	Intervju barn
11.00	Observasjon
13.00	Intervju tilsette
14.00	Intervju tilsette
15.00	Intervju eigar
Torsdag:	
08.00	Rapportskriving
14.30	Sende rapport til styrarane
15.30	Møte med styrarane
16.30	Framlegg av rapport

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysseskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Samtalar med tilsette, born og barnehageeigar.
Digitale spørjeskjema til tilsette og til foreldre

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med idear til vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for borna
Samtaleguide for personalet
Spørsmål til eigarrepresentant
Observasjonsskjema
Digital spørjeundersøking til tilsette
Digital spørjeundersøking til foreldre

Samtaleguide, barn

Barna møter vaksne som kjenner det uansett avdeling	
Kjenner du dei vaksne på di avdeling?	
Kjenner du dei vaksne på dei andre avdelingane i barnehagen din?	
Kjenner du dei vaksne i den andre barnehagen?	
Er alle dei vaksne gode på å trøyste og hjelpe?	
Barna trives og har venner på tvers av barnehagar	
Kva likar du best å gjere på i barnehagen din?	
Kva likar du best å gjere på i den andre barnehagen?	
Kven leikar du med i barnehagen din?	
Har du vener i den andre barnehagen? (Kor mange? Kven?)	
Barna møter felles aktivitetar på tvers av barnehagar	
Kva gjer de i lag med barna i den andre barnehagen?	
Barna opplever at dei kan medverke på avdelingane og på samarbeidet på tvers.	
Kva får du vere med og bestemme om kva de skal gjere i din barnehage?	
Kva får du lov til å vere med og bestemme om kva de skal gjere ilag med barna i den andre barnehagen?	
Visst du fekk bestemme, kva ville du gjere meir av i barnehagen din?	
Visst du fekk bestemme, kva ville du gjere ilag med barna i den andre barnehagen?	
Visst du fekk bestemme, kor tid ville du vere i lag med barn frå den andre barnehagen?	

Samtaleguide, tilsette

Supplerende spørsmål til tilsette. Det er også sendt ut spørjeundersøking til alle tilsette.

1. Fortel om bakgrunnen for vedtaket om samarbeid/samdrift mellom Olderdalen og Hjetland barnehagar	
2. Kor godt kjenner du samarbeidsbarnehagen	
3. Kva gjer du for at du skal verte kjend med barna frå andre avdelingar eller frå den andre barnehagen?	
4. Korleis legg de til rette for at barna skal verte kjende med kvarandre (innad i barnehagen og mellom barnehagane)? Faste arrangement? Uformelle møtepunkt?	
5. Korleis legg de til rette for at barna får medverke i sin barnehage?	
6. Korleis kan barna medverke på samarbeidet mellom barnehagane?	
7. Korleis vil du beskrive samarbeidet mellom barnehagane?	
8. Korleis vil du beskrive arbeidsmiljøet (Innad i barnehagen og mellom barnehagane)?	
9. Korleis får du støtte og rettleiing frå kollegaer og leiing? (Formelt? Uformelt?)	
10. Opplever de tilsette at det er lik kvalitet på det pedagogiske tilbodet og materiellet uavhengig av avdeling og barnehagehus?	
11. Korleis får foreldre informasjon (om	

samarbeidet mellom barnehagane)?	
12. På kva måte får foreldra medverke ((på avdelingane og barnehagane sitt samarbeid)?	
13. Er det sett av nok tid og rom for fagleg utvikling med sikte på samarbeid?	
14. Er det sett av nok tid og rom for å gje kvarandre tilbakemelding og rettleiing for å utvikle samarbeidet?	
15. Kva for faglege og sosiale møteplassar har de i barnehagane?	
16. Er det lagt godt nok til rette for at barnehagane kan ha eit godt samarbeid? Og kva skal til for å få til eit slikt samarbeid?	

Spørsmål til barnehageeigar:

Ekstern barnehagevurdering vår 2022 i Olderdalen og Hjetland barnehagar i Høyanger kommune.

1. Kva er bakgrunnen for vedtak om samdrift mellom Olderdalen barnehage og Hjetland barnehage?
2. Korleis legg barnehageeigar til rette for at barnehagane får arbeide med å utvikle samarbeidet mellom barnehagane?
3. Er det sett av nok ressursar til dette arbeidet (t.d. at det er nok personale til å kunne gjennomføre møter o.l.)?
4. Korleis ser barnehageeigar på den faglege kvaliteten i dei to barnehagane?
5. I kva grad gir barnehageeigar god og tidleg informasjon til barnehagane, t.d. ved nyttilsetjingar, omplasseringar, barn, mm., slik at det opplevast føreseieleg og oversiktleg for barnehagane?

Samtaleguide styrarane

Ekstern vurdering Olderdalen og Hjetland barnehagar vår 2022

1. Fortel om bakgrunnen for vedtaket om samarbeid/samdrift mellom Olderdalen og Hjetland barnehagar
2. Kor godt kjenner du samarbeidsbarnehagen?
3. Kva gjer du for at du skal verte kjend med barna frå andre avdelingar eller frå den andre barnehagen?
4. Korleis legg de til rette for at barna skal verte kjende med kvarandre (innad i barnehagen og mellom barnehagane)? Faste arrangement? Uformelle møtepunkt?
5. Korleis legg de til rette for at barna får medverke i sin barnehage?
6. Korleis kan barna medverke på samarbeidet mellom barnehagane?
7. Korleis vil du beskrive samarbeidet mellom barnehagane?
8. Korleis vil du beskrive arbeidsmiljøet (Innad i barnehagen og mellom barnehagane)?
9. Korleis får du støtte og rettleiing frå kollegaer og leiing? (Formelt? Uformelt?)
10. Opplever du at det er lik kvalitet på det pedagogiske tilbodet og materiellet uavhengig av avdeling og barnehagehus?
11. Korleis får foreldre informasjon (om samarbeidet mellom barnehagane)?
12. På kva måte får foreldra medverke ((på avdelingane og barnehagane sitt samarbeid)?
13. Er det sett av nok tid og rom for fagleg utvikling med sikte på samarbeid?
14. Kven deltek i den faglege utviklinga?
15. Kan du beskrive kommunikasjonsflyten innad på barnehagehusa og mellom dei?
16. Er det sett av nok tid og rom for å gje kvarandre tilbakemelding og rettleiing for å utvikle samarbeidet?
17. Kven deltek i dei fora der tilbakemelding og rettleiing vert gitt?
18. Kva for faglege og sosiale møteplassar har de i barnehagane?
19. Kven deltek på desse møteplassane?
20. Er det lagt godt nok til rette for at barnehagane kan ha eit godt samarbeid? Og kva skal til for å få til eit slikt samarbeid?
21. Kva tenkjer du er god nok tid for informasjon om endringar?

Observasjonsskjema Olderdalen og Hjetland barnehagar

BARNEPERSPEKTIV Alle handlinger og avgjørelser som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggende hensyn (rp. S. 8)	
<ul style="list-style-type: none"> Barna møter voksne som kjenner det uansett avdeling 	<ul style="list-style-type: none"> Barna trives og har venner på tvers av barnehagar
<ul style="list-style-type: none"> Barna møter felles aktivitetar på tvers av barnehagar 	<ul style="list-style-type: none"> Barna opplever at dei kan medverke på avdelingane og på samarbeidet på tvers.
TILSETTE PERSPEKTIV En forutsetning for en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse er et godt samarbeid med barnehageeieren, barnehagens pedagogiske leiing og barnehagens øvrige personale (rpl s. 16)	
<ul style="list-style-type: none"> Alle har eit felles ansvar for samarbeidet og inkluderande arbeidsmiljø 	<ul style="list-style-type: none"> Tilsette verdset ulike meiningar og behov i personalgruppa og har gjensidig respekt for kvarandre
<ul style="list-style-type: none"> Dei tilsette opplever at jobben er føreseieleg 	<ul style="list-style-type: none"> Alle opplever støtte og rettleiing frå både leiing og kollegaer
FØRESETTEPERSPEKTIV Samarbeid mellom heim og barnehage skal alltid ha barnas beste som utgangspunkt (Rp s. 29)	
<ul style="list-style-type: none"> Foreldra opplever at dei får same kvalitet på det pedagogiske tilbudet og materiellet uavhengig av avdeling og barnehagehus 	<ul style="list-style-type: none"> Foreldra er kjende med korleis barnehagane samarbeider
<ul style="list-style-type: none"> Foreldra opplever at dei får medverke på avdelingane og barnehagane sitt samarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> Foreldre opplever personale som er tilstade og gleder seg saman med barna
BARNEHAGEN ER EIN LÆRANDE ORGANISASJON Barnehagen er en lærende organisasjon der hele personalet skal reflektere rundt faglige og etiske problemstillinger, oppdatere seg og være tydelige rollemodeller. (rp. s. 15)	
<ul style="list-style-type: none"> Det er sett av tid og rom for fagleg utvikling med sikte på samarbeid 	<ul style="list-style-type: none"> Det er sett av tid og rom for å gje kvarandre tilbakemelding og rettleiing for å utvikle samarbeidet
<ul style="list-style-type: none"> Barnehagane har god kommunikasjon og informasjonsflyt 	<ul style="list-style-type: none"> Det er sett av tid og rom til faglege og sosiale møteplassar
EIGARPERSPEKTIV Barnehageeigar har juridisk ansvar for kvaliteten av barnehagetilbudet. For å gje eit barnehagetilbud av god kvalitet trengst eit kompetent personale (rpl. S. 15)	
<ul style="list-style-type: none"> Eigar prioriterer tilstrekkeleg med ressursar slik at barnehagane kan jobbe med å utvikle samarbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> Eigar ser at begge barnehagane held same faglege kvalitet
<ul style="list-style-type: none"> Eigar gir god og tidleg nok informasjon, t.d. ved nytilsettingar, omplassering, nye barn mm. 	

Ekstern vurdering Olderdalen og Hjetland barnehagar vår 2022

Supplerande spørsmål til tilsette. Det er også sendt ut spørjeundersøking til alle tilsette.

1. Fortel om bakgrunnen for vedtaket om samarbeid/samdrift mellom Olderdalen og Hjetland barnehagar
2. Kor godt kjenner du samarbeidsbarnehagen?
3. Kva gjer du for at du skal verte kjend med barna frå andre avdelingar eller frå den andre barnehagen?
4. Korleis legg de til rette for at barna skal verte kjende med kvarandre (innad i barnehagen og mellom barnehagane)? Faste arrangement? Uformelle møtepunkt?
5. Korleis legg de til rette for at barna får medverke i sin barnehage?
6. Korleis kan barna medverke på samarbeidet mellom barnehagane?
7. Korleis vil du beskrive samarbeidet mellom barnehagane?
8. Korleis vil du beskrive arbeidsmiljøet (Innad i barnehagen og mellom barnehagane)?
9. Korleis får du støtte og rettleiing frå kollegaer og leiing? (Formelt? Uformelt?)
10. Opplever de tilsette at det er lik kvalitet på det pedagogiske tilbodet og materiellet uavhengig av avdeling og barnehagehus?
11. Korleis får foreldre informasjon (om samarbeidet mellom barnehagane)?
12. På kva måte får foreldra medverke ((på avdelingane og barnehagane sitt samarbeid)?
13. Er det sett av nok tid og rom for fagleg utvikling med sikte på samarbeid?
14. Er det sett av nok tid og rom for å gje kvarandre tilbakemelding og rettleiing for å utvikle samarbeidet?
15. Kva for faglege og sosiale møteplassar har de i barnehagane?
16. Er det lagt godt nok til rette for at barnehagane kan ha eit godt samarbeid? Og kva skal til for å få til eit slikt samarbeid?

Spørjeskjema til foreldre i Hjetland og Olderdalen barnehager

I samband med den eksterne vurderinga i Hjetland og Olderdalen barnehager ønsker vi, vurderarane, å få tilbakemeldingar frå så mange foreldre/føresette som mogleg. Tema for vurderinga er "Samarbeid både innad og på tvers av barnehagane". Vi har tatt utgangspunkt i framtidsbiletet når vi har laga spørsmåla. Spørjeundersøkinga er anonym.

Svarfrist 30.05.22 kl 18.00. Vi takkar for at du tek deg tid til å svare på desse spørsmåla.

1. Kor godt kjenner barnet ditt barn på andre avdelingar? (Sett kryss)
 - Barnet mitt kjenner berre dei på eiga avdeling
 - Barnet mitt kjenner fleire barn på andre avdelingar
 - Barnet mitt kjenner alle barna i barnehagen
 - Barnet mitt kjenner fleire barn i den andre barnehagen
 - Barnet mitt kjenner alle barna i den andre barnehagen
2. Kor godt kjenner du dei tilsette i barnehagane?
 - Eg kjenner berre dei tilsette på avdelinga mitt barn går på
 - Eg kjenner dei fleste tilsette i den barnehagen barnet mitt går i
 - Eg kjenner alle dei tilsette i den barnehagen barnet mitt går i
 - Eg kjenner nokre tilsette i den andre barnehagen
 - Eg kjenner alle tilsette i begge barnehagane
3. På ein skal frå 1 til 5, der 1 er Ikkje i det heile og 5 er I svært stor grad:
I kva grad opplever du at barnehagane legg opp til aktivitetar og opplevingar på tvers av barnehagane?
4. På ein skal frå 1 til 5, der 1 er Ikkje i det heile og 5 er I svært stor grad:
I kva grad kan barnet ditt få medverke til samarbeid med den andre barnehagen?
5. På ein skal frå 1 til 5, der 1 er Ikkje i det heile og 5 er I svært stor grad:
I kva grad opplever du som forelder at du får medverke til samarbeid mellom avdelingane i den barnehagen barnet ditt går i?
6. På ein skal frå 1 til 5:
I kva grad opplever du som forelder at du får medverke til samarbeid med den andre barnehagen?
7. Kva samarbeider dei to barnehagane om?
8. Kva tenkjer du som foreldre om kvaliteten på det pedagogiske arbeidet i den barnehagen barnet ditt går i?
9. Kva tenkjer du som foreldre om kvaliteten på det pedagogiske arbeidet i den andre barnehagen?

10. Korleis opplever du kvaliteten på materiell og utstyr i dei to barnehagane?
11. På ein skala frå 1 til 5, der 1 er i liten grad og 5 er i svært stor grad:
I kva grad opplever du som forelder at dei tilsette frå ulike avdelingar er til stades og gleder seg saman med barnet ditt?
12. På ein skala frå 1 til 5, der 1 er i liten grad og 5 er i svært stor grad:
I kva grad opplever du som forelder at det er sett av ressursar frå barnehageeigar til at barnehagane kan samarbeide?
13. På ein skala frå 1 til 5, der 1 er for seint og 5 er i god nok tid:
I kor stor grad får du som foreldre informasjon om skifte av personale og byte av avdeling for barnet ditt?